

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen
[Mottaker & adresse]

Eidestøa, 18.12.2018

Lokalitet Eikebærånæ (13870) – søknad om utvida maksimal tillatt biomasse (MTB), og fleksibel MTB mellom Eikebærånæ og Fyllingsnes S

Viser til tidlegare innsendt søknad datert 9. juli 2018 om utviding av MTB på Eikebærånæ med fleksibel MTB mellom Eikebærånæ og Fyllingsnes S og ny anleggskonfigurasjon på Eikebærånæ.

Som tidlegare avtalt, har det hausten 2018 vore gjennomført målingar av spreiestraum og botnstraum for lokaliteten Eikebærånæ. Rapporten frå desse målingane er no klar, og vert sendt vedlagt. Rapporten inkluderer også tidlegare målingar av vassutskiftningsstraum frå 2011 og 2012. I tillegg vil me gje nokre presiseringar til tidlegare innsendt søknad.

Søknad om auka lokalitetsbiomasse på Eikebærånæ.

Lokalitetane Fyllingsnes og Eikebærånæ har begge ein lokalitetsbiomasse på 1560 tonn, totalt 3120 tonn for dei to lokalitetane samla . Det vert i dag produsert regnbogeaure på begge lokalitetane med felles utsetting og brakklegging. Søknaden gjeld auka lokalitetsbiomasse på Eikebærånæ til 3120 tonn samstundes som total lokalitetsbiomasse for Eikebærånæ og Fyllingsnes framles skal vera på 3120 tonn.

TRADISJON FOR KVALITET

Ny anleggskonfigurasjon.

Søknaden gjeld også fornying av anlegg og ny anleggskonfigurasjon på Eikebærånæ. Ved ein feil er det gjeve ulike opplysningar om utforming av anlegget i følgebrevet og i kartmaterialet som vart sendt inn i juli 2018.

Me vil presisere at søknaden gjeld 2 rekker med 4 ringer (2x4 ringer) og flåten plassert i sør lengst frå land. Dette er i samsvar med det kartmaterialet som var lagt ved søknaden. Me seier oss svært lei for denne feilen og den uklarheita den har skapt i høyringsrunden. Ber om at denne presiseringa følgjer søknaden og vert lagt til grunn i den vidare handsaminga.

Med venleg helsing

Tor Johannes Hjertnes
Samfunnskontakt
Eide Fjordbruk AS